

## FELLAND & KLEVEN

Advokatforeningen i Telemark  
ved advokat Bjørn Dyrland  
Pb 3084 Handelstorget  
3707 Skien  
epost: [dyrland@wexels.no](mailto:dyrland@wexels.no)

Advokat Olav Felland (H)  
og jordskifte kandidat  
Advokat Jon Rikard Kleven  
Advokat Jarand Felland  
Advokatfilm Solveig Prestegard  
Kontorsjef Randi J. Felland

(H) = Møterett for Høgsterett

Dalen, 17. august 2015

### Samanslåing av Aust-Telemark tingrett og Nedre Telemark tingrett

Justisdepartementet sende i mai ut eit høyringsframlegg om å legge ned fleire domstolar i Noreg. Det gjeld mellom anna Aust-Telemark tingrett.

Advokatfirmaet Felland og Kleven sysselset fire advokatar og ein kontorsjef. Vi har fleire saker per år for Aust-Telemark tingrett. Vi ser på det som ein stor ulempe at Aust-Telemark tingrett er foreslått lagt ned, både av omsyn til dei lokale brukarane og vårt firma som er lokalisert i Vest-Telemark.

Dette brevet er eit høyringsinnspel til Telemark krins av den norske Advokatforening.

#### 1. Bakgrunnen for høyringsframlegget

Grunnlaget for framlegget til domstolsreform er noko spesielt. Det baserer seg på at Domstolsadministrasjonen i februar 2014 ba alle domstolsleiarane om å få deira synspunkt på samanslåing med nærliggande domstolar. På grunnlag av desse svara har Justisdepartementet foreslått å slå saman 10 domstolar til 5 domstolar.

Vi meiner det er særst spesielt at den enkelte domstolsleiars syn skal danne grunnlaget for ein heil samanslåingsprosess. Dersom ein samanslåing eller eventuelt ein oppsplitting skal skje, bør det vere på grunnlag av ei generell utgreiing.

Domstolsleiaren for Aust-Telemark tingrett bur i Skien. For domstolsleiaren vil det sjølvstøtt vere ein enklare kvardag med kortare reiseveg om domstolen blir lokalisert nær hans heimstad. Det vil vera uheldig for tilliten til nedleggingsprosessen hos folk flest at prosessen delvis skjer på eit slikt grunnlag.

## **2. Kvifor foreslår Justisdepartementet nedlegging?**

I høyringsfråsegna frå departementet blir det mellom anna vist til at reisetida for advokatar, bistandsadvokatar, sakkunnige som held til i Skien/Porsgrunnsområdet blir redusert. Det er underleg at departementet vektlegg deira interesser mest. Kva med alle advokatane som held til i Oslo og Drammensområdet og som prosederer for Aust-Telemark tingrett. Det kan vera eit argument for at domstolen bør relokalisert austover.

Men hovudpoenget er at domstolen skal betjene innbyggjarane som partar og vitne i dei aktuelle kommunane. Innbyggjarane i Tinn vil jamt over få over to timar reiseveg. For innbyggjarar i Tessungdalen vil reisetida blir 2,5 timar med bil, i motsetnad til 1,5 time i dag.

Det går også fram av høyringsnotatet at tinghuset i Skien ikkje har plass til dei tilsette frå Aust-Telemark. Det medfører at ein treng utvida lokaler i Skien. Domstolsadministrasjonen har vore opne for at det kanskje må byggast nytt tinghus i Skien. Det vil medføre kostnader på over 100 millionar kroner. I tillegg må det betalast om lag kr 3 millionar i kompensasjon for å kome seg ut av eksisterande leigeavtale i Notodden. Det er då underleg at Justisdepartementet skriv at dei budsjettmessige konsekvensene vil være små. Det underbygger det faktum at Justisdepartementet ynskjer ei sentralisering uansett pris.

I Notodden har domstolen nye og tidsmessige lokale. Dei er og lokalisert i same nybygget som politiet.

## **3. Synfaring og kostnader som argument for lokale domstolar**

Vår røynsle er at ein domstol som er lokalisert langt unna er meir tilbakehalden med å gjennomføre synfaringar som ikkje blir vurdert som avgjerande som prov av domaren. Når reisetida kvar veg er om lag to timar, som det til dømes vil vera til Tinn kommune, medfører det ein høgare terskel for å reise på synfaring. Ei synfaring er eit viktig prov, og færre synfaringar gjev dårlegare prov. Det svekkar rettstryggleiken.

Dersom det er naudsynt med synfaringar set domstolen rett lokalt. Dersom domstolen set rett på Rjukan vil saka ofte starte kl. 1000 og kanskje avsluttast ein gong mellom kl. 14-15, for at domaren skal kunne reise frå og til tjenestestad i Skien til rimeleg tid. Det medfører korte rettsdagar, og ofte trong for at saker må gå over fleire dagar. Saker som går over fleire dagar aukar kostnadene for partane. Fleire saker i tingretten blir avvikla på ein dag. Ved så mykje lengre reisetid, vil slike saker måtte gå over to dagar.

For oss som advokatar vil vi måtte reise til Skien dagen før, når retten blir sett i Skien. Til Skien må ein ta høgde for køtrafikk, slik at reisetida fort blir 2 timar og 30 minutt. Det gjeld ikkje for saker som går på Notodden der reisetida er om lag 1 time og 45

minutt. Med ny tunnel på E-134 gjennom Mælefjell vil reisetida til Notodden bli ytterlegare korta ned med 15 minutt.

Det vil også vera slik at domarar som er lokalisert i dei aktuelle kommunane ofte vil ha god kjennskap til lokale tilhøve. Slik kunnskap kan kome godt med ved til dømes rettsmekling.

#### **4. Aust-Telemark er sterkt knytt til Numedal**

Historisk sett er både Tinn og Notodden i stor grad retta inn mot Numedal og Kongsbergregionen. Men det gjeld også i dag og til dømes er det 606 personar som pendlar til Kongsberg frå Notodden, medan det er berre 96 som pendlar frå Notodden til Skien. Alle tal frå Kommunaldepartementet sin side [nykommune.no](http://nykommune.no).

Etter Google Maps er det mellom Rjukan og Kongsberg 110 km og 1 time og 53 minutts reiseveg. Mellom Rjukan og Skien er det 133 km og 2 timar og 8 minutt.

Mellom Notodden og Kongsberg er det 31 km og 35 min køyring, medan det mellom Notodden og Skien er 59 kilometer og 1 time og 2 minutt. Det er med andre ord nesten dobbelt så lang reisetid og reiseavstand mellom Notodden og Skien som mellom Notodden og Kongsberg. Med ny E-134 vil avstanden mellom Notodden og Kongsberg blir ytterlegare korta ned.

Dersom Justisdepartementet ynskjer å legge ned domstolen på Notodden bør det såleis også vurderast ein annan lokalisering enn i Skien. Det bør mellom anna vurderast om kommunane som høyrer til rettskrinsen bør fordelast på fleire ulike domstolar.

#### **5. Lokalisering av advokatar**

For advokatar er det praktisk å vera lokalisert nær ein domstol. Det gjev kort reiseveg til domstolen. I tillegg er det slik at domstolane i ofte gjev forsvararoppdrag, bustyreoppdrag og andre oppdrag til lokale advokatar, fordi dei har kort reiseveg til domstolen. Det bidreg til å halde kostnadene nede.

Dersom domstolen blir flytta frå Notodden til Skien vil det vere mindre attraktivt å etablere seg som advokat i heile Øvre Telemark og særleg i Notodden og Tinn.

Det er mange stader utanfor dei store byane som har dårleg advokatdekning. Det er viktig for rettstryggleiken til folk, særleg dei som ikkje er så ressurssterke, at det finst lokale advokatar.

Verknaden av å legge ned Aust-Telemark tingrett vil då vera at det blir færre advokatar i Øvre Telemark og innbyggjarane i desse områda får eit dårlegare advokattilbod.

## 6. Vest-Telemark tingrett


Dersom Justisdepartementet legg ned Aust-Telemark tingrett, vil det i neste omgang vere lett at også Vest-Telemark tingrett blir lagt ned. Vest-Telemark tingrett er, målt i domarårsverk, mindre enn Aust-Telemark tingrett.


Det viser kor uheldig det er at Domstolsadministrasjonen og Justisdepartementet baserer sin innstilling på den einskilde domstolsleiars synspunkt og ikkje ei heilskapleg utgreiing, jf. også punkt 1.


## 7. Stutt konklusjon


Ut frå det som er nemnd ovafor går vi sterkt mot å legge ned Aust-Telemark tingrett i Notodden og sentralisere den til Skien.

vennleg helsing

  
Olav Felland  
advokat

  
Jon Rikard Kleven  
advokat

  
Solveig Prestegard  
adv.flm.

  
Jarand Felland  
advokat

### Kopi:

Justisdepartementet  
Domstolsadministrasjonen  
Aust-Telemark tingrett  
Vest-Telemark tingrett  
Telemark fylkeskommune  
Fylkesmannen i Telemark  
Bø kommune  
Sauherad kommune  
Notodden kommune  
Hjartdal kommune  
Tinn kommune